



Tippetue Arkitekter AS
Anne-Katrin Jensen
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6840 - 19/28826

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
26.09.2019

Mellombels bruksløyve for leilegheit A106 og A 306 - gbnr 138/21 Tveiten øvre

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: F G Eiendom AS

Ansvarleg søkjar: Forum Arkitekter v/Anne Carlsen

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i rammeløyve datert 28.10.2014.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Kjøkken,garderobe, listarbeid, legging av innvendig golv.

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: Leilegheit A 106 og A 306 i leilegheitskompleikset på gbnr 138/21.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 30.09.2019

Det vert elles vist til søknad motteken .

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket altså leilegheit A 106 og A 306, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring



Adresse:	
Bygningstiltak:	Leilegheitskompleks
Bygningsnummer:	300740893
Bruksareal:	1995 (samla for heile bygget)
Avløp:	offentleg
Vatn:	offentleg

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for A 106 og A 306 på gbnr gbnr 138/21 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: A 106 og A 306
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 20.12.2019.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/6840

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

F G Eiendom AS
Tippetue Arkitekter AS

Sagstadvegen 67 5919
Sandviksbodene 5 5035

FREKHAUG
BERGEN